

Byggraad AS
Fleslandsvegen 235A
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:
Dykkar: bc9ffc93-f856-4522-
a2ca-c3f947cb8c45
Vår: 20/8148 - 20/45954

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@alver.kom
mune.no

Dato:
13.07.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 110/3 Syslak

Tiltak: Søknad om riving av bustad og oppføring av ny
Byggjestad: Gbnr: 110/3
Tiltakshavar: Ahmet Özsoy
Ansvarleg søkjar: Byggraad AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.04.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I søknaden er det ikkje vist til kva løysing som er tenkt ifht vatn og avlaup. Vi ber om tilbakemelding på dette.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.8.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ahmet Øzsoy
Byggraad AS

Svaneviksveien 3 B
Fleslandsvegen 235A

5063
5258

BERGEN
BLOMSTERDALEN